


KONTAKTBLAD FOR  
Nr. 13 Nov. 1993 4.årg.

**HJARTDAL**

# HISTORIELAG


**Notodden  
Historielag**



**inviterer**

*SJÅ SIDE 3!*


**oss med på  
Oslo tur !**



*Kjøp den  
nye  
Hjartdals-  
kalenderen  
1994*

**Elles i bladet kan  
du lese om  
lokale stadnamn**

# NAMN I NÆRLEIKEN I



Namna på gardar, elver, fjell og anna i nærmiljøet tek vi til dagleg for gitt. Om ein ser nærmare på dette med historisk interesse, ser ein snart at her er det mykje å hente. Namnegransking kan vere ein viktig del av historiefaget. Ein dreven namnegranskar kan tilføre særleg lokalhistoria mykje.

Vi skal prøve å lage nokre småartiklar om namn i kontaktbladet framover, Spalten er sjølvsaugt åpen for alle, og motstridande teoriar skal få plass.

Vi må nemne at det finst eit stort bokverk som heiter "Norske Gaardenavne" skreve av Ole Rygh. Her finst det forklaring på svært mange namn frå heile landet. (HHL har kopi av kapittelet fra Hjartdalsbygdene)

Alf Mostue som har samla tusenvis av namn frå Tuddal, og overlatt samlinga til HHL, har ikkje forklaring på betydninga av namna, men dei fleste er ganske greie å forklare. Mostue sit dessutan inne med mykje kunnskap om språkhistorie og vil bli å finne i denne spalta.

I dag startar vi Mostues forklaring på namna til to viktige landemerke i distriktet:

## *HIMING:*

Dette er det dominerande fjellet ein kan sjå i sørleg retning frå Sauland sentrum:

Det har vore spekulert på om namnet rett og slett kjem av Mannsnamnet Heming, men Mostue meiner at rota til namnet er det gammalnorske HIM som tyder SNØDEKT.

Dermed ser vi dei heilt store perspektiv. Vi finn nemleg samme rot-ordet i HIMALAYA i det fjerne austen. Dette betyr snøheimen på det lokale språket. Og forklaringa er følgande:

Språk- og kulturhistorikarar meiner at nordmenn og dei fleste andre europeiske folkeslag ein gong i fjern fortid (2-3000 år sidan?) vandra inn i frå sør-Asia. Det er nettopp språkforskinga som er grunnlaget for dette. Dei fleste europeiske språk hører til det ein kallar den indoeuropeiske språkgruppa. Og alle desse


språka har den dag i dag fellestrekk med språk i f.eks. India og Iran. Finsk og Samisk hører derimot til språkgrupper med sine røtter lenger nord i Asia, og er altså fjernare frå norsk en f.eks Iransk. og indiske språk

*Bli gjerne med på diskusjon om namnetydingar, men skriv ikkje for langt.*

## HEKSFJELL

Heksfjell ser ein i retning sør-vest frå Sauland sentrum. Det er nok for enkelt å fastslå at dette har noko med hekser å gjere. Namnet kjem av det gammal-norske HEKN, som betyr STEINGRUNN. Dermed ser ein at namn og natur passar bra saman her som så ofte elles.

## BLI MED NOTODDEN HISTORIELAG PÅ OSLOTUR OG BESØK RIKSARKIVET



*Notodden Historielag har invitert oss med på tur til Oslo 3.desember, med omvising i Riksarkivet/ Statsarkivet.*

*Vi har fått brev frå laget med praktiske opplysningar. Her er det meste av innhaldet:*

...Vi bruker vanlig rutebuss begge veier. Om vi blir mange, kan vi leie egen buss, men det er i utgangspunktet lite trolig. Bussen går fra Notodden kl. 07.55, men

dere kan selvsagt gå på i Sauland. Bussen går fra Seljord 06.30, Hjartdal 07.00 og Sauland 07.15.

Vi får grupperabatt, jeg tror det var rundt kr.78- (en vei)

vi betalte sist gang fra Notodden. Bussen kjører oss helt opp til Riksarkivet (uten tillegg i prisen). På arkivet blir det omvisning i magasinene og mulighet til å bruke lesesalen. Jeg kommer også til å dele ut litt informasjon på forhånd.

Det vil være mulighet til å bruke kantina på stedet, helt grei mat til "statlige" priser.

Vi blir hentet på Sognsvann ca. kl. 15.00. Bussen må tilbake til bussterminalen, hvor den skal følge ruteplanen og kjøre tilbake kl. 16.35.

Det blir derfor litt tid til å gå rundt på Oslo City - for de som ønsker det.

Sist gang ble turen meget vellykket, og jeg håper så mange som mulig fra dere kan komme med. Dette er ikke en tur bare for slektsforskere. På riksarkivet finnes det bl.a. alle bygdebøker som er utgitt, pluss mye annet spennende.

Bare ta kontakt om noe skulle være uklart...

*Med vennlig hilsen  
Notodden Historielag  
Hans-Olav Oldrup Johnsen  
(Nestformann)*



*I tillegg skriv Notodden Historielag at dei gjerne vil ha greie på kor mange som blir med frå oss. Derfor må dei som vil vere med gje beskjed om dette til Leif Skoje (tlf. 350-23011), helst før fredag 26. November.*